



# Retningslinjer for tildeling av midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket – NMSK midlar - 2023

## 1. Innleiing:

Formålet med forskrifta om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar blir stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivaretatt og vidareutvikla.

Kommunen er i forskrifta gitt mynde til å fatte vedtak om tilskot etter § 4 (skogkultur), § 6 (miljøtiltak i skog) og § 8 siste ledd (andre tiltak som bidrar til å utvikle skogbruket i kommunen). Statsforvaltaren er tillagt vedtaksmynde for forskrifta sine øvrige tilskotsordningar som følgelig ikkje omfattas av nemnte retningslinjer.

Handsaming av søknad om skogbilvegar er fastsett i egne retningslinjer; «Retningslinjer for søknader om tilskott til bygging og ombygging av skogsvegar i Nissedal, Kviteseid, Tokke, Vinje og Fyresdal kommunar» oktober 2020, og vert ikkje omtala her.

## 2. Retningslinjer:

### 2.1 Prioritering av tilskotsramme

Kommunen får årlig tildelt ei tilskotsramme frå Statsforvaltaren. Kommunen fattar vedtak om korleis den tildelte tilskotsramma skal fordelast på tiltak og prosjekt. Før vedtak fattas, skal administrasjonen ha dialog med kontaktutvalet for skogbruk i kommunen.

#### 2.1.1 Skogkultur

Skogkulturtiltak det gis tilskot til er fyljande:

- Ungskogpleie (mekanisk etterarbeid og avstandsregulering)
- Markberedning

I tillegg kjem tiltak som inngår i tilskotsordninga for auka CO<sub>2</sub>-opptak i skog;

- Gjødsling; sjå [Gjødsling av skog som klimatiltak](#)
- Tettare planting og suppleringsplanting; sjå [Tettare skogplanting som klimatiltak](#)

Desse midlane går av sentral tilskotsramme forvalta av landbruksdirektoratet.

#### 2.1.2 Skogsvegar, taugbane, hest o.a.

Kommunane overtok 01.01.2020 ansvaret for tilskotsforvaltninga for skogsvegar og drift med taugbane, hest o.a.

Tildeling av tilskot til veg skal fylje «Retningslinjer for søknader om tilskott til bygging og ombygging av skogsvegar i Nissedal, Kviteseid, Tokke, Vinje og Fyresdal kommunar» av

10.2020. Tildeling til drift med taugbane, hest o.a. gjerast etter vurdering av kvar enkelt søknad.

### 2.1.3 Miljøtiltak

Etter «forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) § 6» kan det gis tilskot til å ivareta og vidareutvikle miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner i skog;

- dekning av meirkostnadar eller tap ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å ivareta og utvikle miljøverdiar
- delvis dekning av økonomiske tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar der omsyn til desse krev at skogeigaren avstår frå hogst eller legg om skogsdrifta
- dekning av meirkostnadar ved skogsdrift for å unngå vegbygging som vil redusere «villmarksprega områder»

Ordninga og søknadsprosedyre er elles omtala på Landbruksdirektoratets heim under [Tilskot til miljøtiltak i skog](#).

Det er for 2023 to søknadsfristar, 1. september og 1. november. Etter søknadsfristen har kommunane 3 veker til å løyve tilskott og sende ut vedtaksbrev frå ØKS.

## 2.2 Disponible midlar

I tabellen er det sett opp ei oversikt over løyvde midlar, dette er midlar som er til disposisjon for 2023.

Disponible tiltaksmidlar	Beløp
Statsforvaltaren NMSK	350.000,-
Statsforvaltaren til veg, taugbane, hest o.a.	350.000,-
Kommunale midlar	0,-
Sum midlar til disposisjon	700.000,-

*Disponibelt til tiltak i hht Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*

Merk at kommunen kan søkje Statsforvaltaren om ekstraordinære midlar, tak difor kontakt i god tid om du har planar om å ruste opp eller bygge ny veg.

## 2.3 Prioritering av søknader

### 2.3.1 Krav til tiltak og søknad

For søknader om tilskot til skogkultur og miljøtiltak gjeld fyljande krav;

- Landbrukseigendom med meir enn 10 daa produktiv skog.
- Planstatus for det aktuelle arealet er LNF-R.
- Feltet skal være minst 2 daa.

- Tiltaket skal være skogfaglig og miljømessig forsvarlig utført i samsvar med Skogbrukets Kursinstitutt sine tilrådingar <http://www.skogkurs.no> (bl.a. utgitt i deira Resymé-serie) og [Forskrift om bærekraftig skogbruk](#) For klimatiltaka gjødsling, tettare planting og suppleringsplanting, har Landbruksdirektoratet fastsatt særskilte krav.
- Søknad skal sendast snarast mulig etter at tiltaket er utført og seinast innan eitt år.
- Det skal fortrinnsvis søkast elektronisk frå eigen skogfondskonto «skogfond på nett», med innlogging via Altinn. Alternativt kan skjema LDIR-909 Utbetaling frå skogfond og søknad om tilskot til skogkultur og LDIR-911 Søknad om tilskot til miljøtiltak i skog nyttas.
- Kart som syner det aktuelle arealet for tiltaket skal leggjast ved søknaden.
- Kostnadane skal dokumenterast med fakturakopi ved leigd arbeid. Ved eige arbeid leggjast fram timeliste eller dokumentasjon på fastsett dekarpris av fagkyndig person.
- Som kostnadstak gjeld satsar beskrive i punkt 2.2.2.

### 2.3.2 Søknadsfristar

Tilskotsreglar og satsar gjeld i prinsippet frå 1. januar 2023 og fram til 31. desember 2023 eller inntil utbetalingsfullmakt er brukt opp.

- Skogkultur; Vedtak må vere fatta i ØKS innan 04. desember
- Skogsvegar; Fortløpande, men veg bør meldast inn året før for å påverke bevilging
- Klimatiltak; Gjødsling: 15. september  
Tettare planting/suppleringsplanting:
  - august for vårplanting
  - 7. november for haustplanting
- Miljøtiltak; 01. september og 01. november

Desse krava gjeld ikkje for søknader etter § 8 siste ledd. Slike søknader fremjast ved prosjektbeskriving.

Søknader sendes på ein av følgjande måtar;

- Elektronisk på [www.altinn.no](http://www.altinn.no), eller på [www.skogfond.no](http://www.skogfond.no)
- Post til Fyresdal Kommune, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal
- E-post til [amh@fyresdal.kommune.no](mailto:amh@fyresdal.kommune.no)

### 2.3.3 Godkjente satsar for eigeninnsats

- Nyplanting; maks kr. 7,-/stk
- Suppleringsplanting; maks kr. 8,-/stk
- Ungskogpleie; maks kr. 450,-/time inkl. sag, maks 900,-/daa
- Stammekvisting; maks kr. 400,-/time, maks 1.000,-/daa
- Maskinarbeid; Skal fylje entreprenørsatsar for det aktuelle området

### 2.3.4 Tilskotssatsar

Tilskotsatsar justerast årleg i tråd med anbefalingar og tildeling frå Statsforvaltaren/Landbruksdirektoratet. Merk at det ikkje gis tilskot til andre tiltak en de som kjem fram av «Tiltaksstrategi for NMSK i Fyresdal».

## **2.4 Saksbehandling og utbetaling**

Kommunen handsamar søknadene fortløpande. Søknader som ikkje tilfredsstillar krava i 2.2.1 handsamast ikkje før dei er fullstendige. Søknader som kjem inn etter at det ikkje er tilskotsmidlar (inkl. evt. tilleggslyvving) igjen, blir handsama året etter. Dei handsamas så snart ny tilskotsramme er tildelt og tilskotsatsar fastsatt. Slike søknader får tilskotsatsen gjeldande i behandlingsåret, ikkje søknadsåret.

Når ein søknad godkjennast, er kvitteringa for handsama refusjonskrav òg vedtaksbrev for tilsegn på tilskot. Det same gjelder ved delvis godkjenning, men da beskrivast årsak til avkorting i kommentarfeltet. Ved avslag skal kommunen sende eige brev, med informasjon om klagerett, som lagrast i kommunens saks-system.

### **2.2.6 Kontroll og omgjøring / tilbakebetaling**

Kommunen skal jf. § 12 i nødvendig utstrekning kontrollere at tiltaka er gjennomført i tråd med føresetnadane.

Kontroll skal utførast i samsvar «Kontrollplan for Fyresdal kommune V.04.22».

Kontroll skal om mulig utførast før søknaden handsamast, men kan òg utførast i ettertid (ut året etter handsaming). Dersom det ved kontroll blir oppdaga tilhøve som er i strid med føresetnadane for utbetaling kan tilskot heilt eller delvis krevjast tilbakebetalt i samsvar med forskrifta sin § 13. Alternativ til tilbakebetaling er at kommunen gir skogeigar moglegheit til å utbetre manglane ved tiltaket innan ein fastsatt frist. Då skal ny kontroll utførast når fristen er utgått.

Kommunen kan òg krevje tilskot tilbakebetalt om skogeigar i ettertid får godkjent endring av planstatus for areal kor tilskot er utbetalt.